

Ikkje journalført.

Hege

---

**Fra:** Svein Olav Langåker <svein.langaker@startsiden.no>

**Sendt:** onsdag 4. oktober 2023 15:20

**Emne:** Informasjon til folkevalde i medlemskommunane til LNK

Til ordførar, kommunedirektør og politisk sekretær

Fleire av kommunane har rutinar for å velja utsendingar til landstinget til Nynorskkommunane – LNK som ein del av konstitueringa. Me ønskjer god kontakt med alle medlemskommunane våre, og vil oppmoda kommunane til å oppnemnda representantar til landstinga våre. Både folkevalde og representantar frå administrasjonen kan bli valde til dette. Og det er fint om me får melding om namn, telefon og e-postadresse til dei som blir valde.

Kommunane har rett til slik representasjon på landstinget:

Inntil 3.000 innbyggjarar: 1 utsending

Inntil 6.000 innbyggjarar: 2 utsendingar

Inntil 9.000 innbyggjarar: 3 utsendingar

Meir enn 9.000 innbyggjarar: 4 utsendingar

Folketalet i kommunen pr. 1. januar i det året landstinget vert halde er grunnlag for talet på utsendingar.

LNK står til teneste for dykk, og kan hjelpa kommunane med [språkbruksplanar](#), [kurs for lærarar](#) og [barnehagelærarar](#), gratis digital tilbod for [barn](#) og [ungdom](#) – og me har det populære [På saklista-kurset](#), eit opplegg som lærer deltakarane opp i nynorsk rettskriving, klarspråk og saksbehandling. Og me presenterer nyhende og nye tilbod på [LNK.no](http://LNK.no) kvar veke.

Elles minner me om at [LNK-rabatten](#) på Bondeheimen i Oslo og hjå Samlaget òg gjeld folkevalde i medlemskommunane våre.

Til slutt vil me ønskja lukke til med arbeidet dykkar. Kommunane er svært viktige for å ta vare på og utvikla ein god språkpolitikk for alle innbyggjarane!

**Beste helsing**

**Svein Olav B. Langåker**

Dagleg leiar | Mobil 948 75 365

**LNK** – Landssamanslutninga av nynorskkommunar

[Følg LNK på Facebook!](#)

Følg òg [Framtida.no](#) – [Framtidajunior.no](#) – [Magasinet](#) – [Pirion](#) – [Lærarrommet](#)